

2,6 mill. til utvikling av tettstader

LEIKANGER: Fylkeskommunen ønsker å samarbeida tett med kommunane om korleis dei kan utvikla og forma tettstadane sine. I år kan fylkeskommunen fordela 2,6 millionar kroner til arbeidet, går det fram av ei pressemelding. Kommunane i fylket kan kontakta fylkeskommunen for samarbeid, fagleg og økonomisk støtte til tettstadutvikling og stadforming, tilpassa kommunale

plan- og utviklingsprosesser. Fylkeskommunen ønsker løpende dialog med kommunane om prosjekt dei vil setja i gang, og korleis prosjekta kan utviklast på best mogleg måte. Fylkeskommunen oppmodar kommunane til å ta kontakt så snart dei har eit prosjekt på trappene, slik at fylkeskommunen kan vera med i prosessen også fram til dei søker om økonomisk støtte.

Ønskjer praksisbrev-kandidat i kokkefaget

LEIKANGER: Hausten 2016 blei det innført ei ny ordning i vidaregåande opplæring som heiter praksisbrevordninga. Dette er eit toårig opplæringsløp på yrkesfaglege utdanningsprogram som fører fram til ein planlagt grunnkompetanse. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ei plikt til å ha eit tilbod om praksisbrev innanfor minst eit yrkesfagleg utdanningsprogram. Hovudutvalet for undervisning har vedteke at ordninga praksisbrevkandidat blir i kokkefaget og lagt til Mo og Øyrane vidaregående skule.

Startar festivalen med klimadebatt

■ ■ ■ Vestlandsforskning



OPE MØTE: Ida Marie Gildestad i Vestlandsforskning håper at mange tek turen til arrangementet på Quality hotell onsdag.

■ ■ ■ Ope møte

■ ■ ■ – Gode formidlarar



SPENNANDE TEMA: Fjellsportfestivalen opnar med eit ope møte om fjellsport, miljø og klima onsdag. Bilete viser Keipen i Balestrand.

(Begge foto: Halvor Dannevig)

SOGNDAL: Korleis vil folk som driv med fjellsport og naturbasert reiseliv merke klimaendringane?

Dette spørsmålet er sentralt i ein ny studie ved Vestlandsforskning. No inviterer forskarane til eit ope møte på Quality hotell i Sogndal for å dela sine kunnskapar. I tillegg kjem DNT for å snakka om korleis reiselivet tek ansvar for å bli grønare.

– Møte heng saman med eit nytt forskningsprosjekt med tittelen «Virkninger av klimaendringar på norsk naturbasert reiseliv», også kalla Clim-Tour. Vestlandsforskning leiar prosjektet, og finansieringa kjem frå Noregs forskingsråd, seier Idun A. Husabø ved Vestlandsforskning.

Klimaendringar

Det opne møtet, som går av stabelen på Quality hotell onsdag, er sjølv starten på årets utgåve av Fjellsportfestivalen som fyller ti år i år. Anne Mari Aamelfot Hjelle, fagsjef for naturforvaltning i DNT opnar møtet der tema er vegkart for reiselivet – mot eit berekraftig reiseliv. Ida Marie Gildestad, forskar ved Vestlandsforskning, skal prata om korleis reiselivet kan tilpassa seg eit endra klima. Til slutt kjem Inger Hanssen-Bauer og

Stephanie Mayer som er meteorologar ved Meteorologisk institutt og UNI research for å prata litt om klimaendringar og fjellsport.

Brei studie

– Clim-Tour er eit nokså stort forskningsprosjekt. Det er sjeldan det er blitt gjort ein så tematisk brei studie der ein koplar saman det naturfaglege klimaforskarar veit om utviklinga i klimaet med det biologar/økologar og reiseliv/samfunnsforskarar får ut av framskrivingane deira, seier forskar Ida Marie Gildestad i Vestlandsforskning og held fram:

– Resultata i dette prosjektet blir altså mykje meir enn berre «det blir mindre snø». Til dømes kan det handla om korleis ein bestemt type

naturbasert reiselivsbedrift vil greia seg når det biologiske mangfoldet ligg an til å endre seg.

Konsekvensar

– Temaet er konsekvensar av klimaendringar for det naturbaserte reiselivet, altså korleis reiselivet som heilskap og enkelt-bedrifter kan tilpassa seg endringane som kjem i åra eller tiåra framover, dvs. tileigna seg kunnskap tidleg for å vera budde på å gjera justeringar, så ein kan unngå overraskningar og økonomisk tap, seier ho.

Opningsseremoni

Etter møte på hotellet vert det opningsseremoni med halsbrekkande stunts når Dampskipkaien Open Winter Edition startar. Her står deltakarane på ski ned den

bratte bakken til kaia, og flyr ut i sjøen. Stil, underhaldning og kreativitet vert vurdert. Fjellsportfestivalen har i år rekordmange arrangement på

plakaten og festivalen varar fram til søndag.

Morten Sortland
morten@sognavis.no

SOLSKJERMING OG GARASJEPORTER TIL...

VINTERPRISER!

På en mengde markiser, screens, interiørgardiner og garasjeporter.

-30%

05.02.-17.03.

GRATIS BEFARING

911 50 200

fasadeprodukter.no



Fasade®
PRODUKTER

Lokal leverandør siden 1995 gir trygghet for god handel!